

SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	Introduser temaet for timen og sjå Vi er ulike - og det er bra! - YouTube
	Sjå bilde frå filmen og snakk om det de såg: Vi er alle ulike. Kva er desse ulike med? Kan vi vite kva dei er like og ulike med berre ved å sjå på dei? Minn gjerne elevane om at barn kan ha ulik hudfarge sjølv om dei er norske og fødd av norske foreldre. Mange likar ikkje å få spørsmålet «kvar er du frå?» basert på ein hudfarge som ikkje er bleik.
	Kva skjer her? Kva ord brukar barna her? Korleis er det for jenta? Kva kan dei andre gjere for å hjelpe jenta? Er det nok å vere stille sjølv? Eller burde alle sei frå til eleven at slik er det ikkje greit å snakke?
	Alle treng å kjenne at dei er med i flokken. Kva gjer desse for at alle skal få vere med?
Leik: Handlingar som smittar - sjå lærar sitt instruksjonsark	Leik: Handlingar som smittar Meininga med denne leiken er å vise at handlingar smittar. Når ein gjer noko gjer plutsleg fleire eller alle det same, så kva vi vel å gjere kan vere viktig. Sitt i ring, eller på plassane i klasserommet, men bli einige om kva veg/løype handlingane skal smitte. Lærar startar med å gjere noko (til dømes riste med heile kroppen, gøyme ansiktet i hendene, hoppe opp i lufta, smile/le, vinke, danse, hinke, eller liknande.) Dette spreiar seg gjennom ringen/eller rundt i klasserommet frå person til person - og til slutt gjer alle det i lag. De kan eventuelt bytte på å vere den som gjer noko først, og gjere det som ein hermeleik der alle skal gjere det same som den som startar. Når de har leika litt og alle sit på plassen sin igjen kan de snakke om at på same måte som desse tulle-handlingane smittar så kan det smitte når nokon seier stygge ord, snur seg vekk, ignorerer, sender stygge blikk og slikt. Og få fram at dei som fortset slike handlingar/ord er like ansvarlege for å delta i dette, som den som gjer det først.
Ny elev i klassa 	Ny elev i klassa Vi skal sjå ein liten film på engelsk, men det gjer ikkje noko om vi ikkje forstår alle orda. Vi forstår kva som skjer likevel. Den startar med at det kjem ei jente som skal ha første dagen sin på ein ny skule. Ho har flytta langt, og gruer seg veldig. Ho ser veldig sjenert ut. Ho har til og med tatt på seg ei maske som skjuler ansiktet hennar! Mens de ser filmen kan de legge merke til kva dei andre barna i klassa gjer. Ein av dei er ikkje så snill med ho, men så gjer dei andre noko som gjer at alt blir veldig bra for jenta. Bunny New Girl Short Film - YouTube • Kva gjorde elevane for å hjelpe jenta? • Læraren blei litt sur, men var han kanskje også litt stolt av dei? • Er det noko anna dei kunne gjort som hadde blitt like bra for jenta?



Gode klassevenner

Til denne aktiviteten har vi både laga eit fargeleggingsark (sjå vedlegg), tre historier og tre teikningar. Du kjenner elevane dine best, men for eksempel kan dei få utdelt fargeleggingsarket og sitte og fargelegge mens du fortel historia om dei tre barna. Da viser du også bilda av dei tre som ligg på skjermen.

Etter kvar historie kan de snakke litt saman om kva som gjorde at barnet kjente seg annleis og kva klassevennane gjorde for at dei skulle kjenne at dei hørte til og var ok likevel.



Dette er Lina.

Lina går i tredje klasse.

Lina er svaksynt, det betyr at ho ser dårleg utan dei sterke brillene sine.

Brillene hjelper ho å lese og sjå godt.

Men dei gjer òg at ho føler seg litt annleis enn dei andre.

Når dagen er roleg, har Lina det fint, for ho likar å teikne og å høyre på læraren.

Ho likar å vere saman med dei andre.

Men når det blir mykje som skjer på ein gong, når mange barn spring, ropar og ler høgt, då kan Lina kjenne seg utrygg.

Ho er redd for å snuble. Redd for å ikkje sjå kven som er der. Redd for å gjere noko feil. Då kjem det tankar inni hovudet hennar:

«Alle andre klarer dette.»

«Eg er treig.»

«Eg passar kanskje ikkje heilt inn.»

Lina prøver likevel. Ho vil så gjerne vere med. Men av og til stoppar kroppen litt opp, og ho kjenner ein klump i magen som gjer vondt.

Men Lina er heldig. For i klassen hennar er det klassevenner som bryr seg.

Når det er tid for leik, kjem dei bort til Lina og seier:

«Vi ventar på deg.»

«Kom, Lina, du kan vere med oss.»

Dei spring ikkje frå ho, men viser ho kvar dei skal. Dei passar på at alle får vere med.

Og då skjer noko.

Lina smiler. Ho spring. Ho ler. Ho er midt i leiken, akkurat som dei andre.

Og inni seg kjenner ho:

«Eg er ikkje aleine.» «Eg høyrer til.» «Eg er bra nok.»



Dette er Jonas.

Jonas går i tredje klasse og er ein gut som har masse energi i kroppen. Tankane hans spring fort. Ideane inni han kan poppe som popcorn.

Han likar best når noko skjer, og han får røre på seg og finne på ting.

Men når klassen skal sitte stille lenge, og når læraren forklarar mykje på ein gong, eller når oppgåver blir vanskelege, - da kan det bli tøft for Jonas.

Kroppen vil reise seg. Beina vil springe. Hovudet vil tenkje på alt mogleg anna.

Jonas prøver å sitte stille. Han vil så gjerne få det til, slik alle andre gjer! Men av og til går det ikkje.

Då kan han kjenne seg frustrert. Det boblar inni han. Og før han rekk å tenkje seg om, kan han seie noko dumt.

Eller gjere noko han eigentleg ikkje meinte.

Etterpå kan Jonas kjenne det litt vondt inni seg. «Kvifor klarer eg ikkje berre å sitte stille?»

«Kvifor blir eg så sint?» «Trur dei andre at eg er slem?»

Han vil så gjerne vere ein god klassevenn. Men nokre dagar er det så vanskeleg å få til.

Men Jonas er heldig. For i klassen hans er det klassevenner som forstår. Dei veit at Jonas ikkje gjer dumme ting for å vere slem, dei veit det er vanskeleg for han av og til.

Så dei er tolmodige med han og prøver å hjelpe.

Dei gir han nye sjansar. Igjen og igjen. For dei likar Jonas! Han er jo ein som finn på leikar, er morosam og tørr mange ting.

Og når Jonas får vere seg sjølv i leiken, kjenner han noko godt inni seg. Han kjenner at dei likar han og at han høyrer til. «Eg er vel bra nok.» tenker han da.



Dette er Maksym. Han går i tredje klasse.

For ikkje lenge sidan budde han i eit anna land.

Der hadde han besteforeldra sine, vennene sine, huset sitt og fotballaget.

Så måtte han flytte. Til Noreg. Til ein heilt ny skole.

Den første dagen i klassen sat Maksym stille på stolen sin.

Alle rundt han snakka. Læraren snakka. Barna snakka.

Men Maksym forstod ikkje eitt einaste ord.

Orda flaug rundt han som lyd utan meining.

Han ville både spørje og svare, men språket sat fast inne i hovudet.

«Kva seier dei?»

«Kva skal eg gjere?»

«Kvifor er alt så annleis?»

I friminutta stod Maksym ofte aleine. Og inni seg kjende han seg veldig, veldig annleis.

Det var litt skummelt.

Men Maksym er heldig. For i klassen hans er det gode klassevenner som vil ha han med.

Dei kjem bort til han, smiler, snakker sakte, inviterer med og viser med hendene kva dei meiner.

Når dei skal spele fotball, treng dei ikkje så mange ord for det kan han jo frå før.

«Kom!» seier dei – og viser han kor.

Sakte, litt etter litt, begynner Maksym å forstå. Eit ord. Så eit til. Og ein dag seier han sjølv: «Eg vil vere med!»

Dei andre barna smiler, for no er han ikkje berre den nye guten, han er Maksym.

Ein venn. Ein del av klassen. Og inni seg kjenner han:

«Eg saknar framleis heimlandet mitt, men her høyrer eg også til.»

Her ligg det ei boks med mange ulike sanger om å sette pris på mangfald. Dei fleste på engelsk. Vel gjerne nokon og syng og dans litt.



Kva kan vi som klasse gjere for at alle skal kjenne seg viktige i flokken vår?

Her kan elevane anten:

- jobbe i grupper for å snakke om/teikne/lage rollespel om korleis elevar i ei klasse kan ta vare på kvarandre
- de kan lage ein liksom-elev av ei bøtte/ein pappkasse/ein bamse/ei teikning og sei at denne eleven liksom startar i klassa her no. Kva kan vi som klasse gjere for at eleven skal kjenne seg velkommen hos oss? Korleis kan vi vise eleven at vi vil ha han/ho med i flokken vår?
- Tren på den sosiale ferdigheten "Å inkludere andre i leiken" Sjå grå boks nede på sida.